

**Fra:** Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

**Sendt:** 12.02.2021 11:47:06

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jannicke Bergesen Clarke

**Emne:** Spørsmål til SAMO 17.02.21

**Vedlegg:**

Eg har fått oversendt eit brev som gjeld skulevegen ved Leiknes skule i Alver. (limt inn neadfor)

Er vegen prioritert i trafikktryggings-planen til Alver kommune, og er det planar om utbetring av denne vegen frå fylket si side?

Når skulevegen i utgangspunktet er smal, og vi har snørike vintrar med brøytekanter...Kva avtalar har vi må med kontraktør om vegbreidde som skal vere brøyt? Dette vil eg tru er eit generelt problem på fylkesvegane våre, og særleg der der skuleborna ikkje har gangveg, eller vegskulder, å gå på fram til busstopp. (jmf anna spørsmål til møtet)

mvh Trude Brosvik, KrF

Tida ER ute! Leiknes 10.02. 2021

Dei siste åra har Leiknes, den fine bygda vår, auka i folketal. Ikkje rart – verkeleg ein god og nydeleg stad å bu her ved fjorden. Eit mylder av liv og lek er det når mange er ute. I takt med auken av verdsborgarar her i bygda, har vegen forblitt som den er – i dårleg stand og utan sikring frå Mundal til Leiknes skule. Det er fleire som har engasjert seg i denne saka tidlegare og nokre tiltak er iverksatt. Kommunedelplan frå 2017-2020 gir ein del info. Betre lys langs vegen er eit av nye tiltak som er gjort. Nokre fartshumpar har ein fått. Det har vore synfaringar med vegvesen og politiet har også vore på plass enkelte morgonar, også for observasjon av den trafikale situasjonen ved Leiknes skule. Likevel er det rystande å sjå 1.klassingar klatre langs brøytekanter når bussen skal passere. Fleire vaksne fortel om nestenulykker, og eg kan sjølv bekrefte den kalde kjensla. I det verste partiet held ein pusten – det er som om ein går der med livet som innsats. Ei teljing av køyretøy fortel oss at det trongaste partiet i bygda her har over 1000 passeringar pr. døgn. Det er berre ein grunn til at ikkje alvorlege hendingar har skjedd – og det er dette at borna har hatt konsekvent fylgje med årvakne vaksne. Eg kjenner besteforeldre som har stilt seg viftande opp i vegen for å bremse ned tuntrafikk og for raske trafikantar i høg fart.

Det er spesielt at ein ny skule som Leiknes ikkje har dei naudsynte trafikksikringstiltak for gåande og køyrande i og kring skulen. «Foreldre plikter å sende barna sine til skolen, denne plikten følges av retten til å komme trygt frem» (Trygg Trafikk, 2020). Det gir bekymring å sjå dei små som forsøker å trygge seg sjølv når den store bussen kjem mot dei ein mørk morgon. Når brøytekanter kjem vinterstid, har eg sjølv hatt målestokken med når bussen kjem. Observasjonen er såre enkel: der er ikkje plass til eitt einaste levande menneske. Marginane for alvorlege ulykker er små no, og dei aukar sjølvstilt i takt med dette at fleire born går denne vegen.

Viser til barnekonvensjonen art. 3 og art. 12 og Grunnlova §17: «Barn har rett til å bli hørt i saker som vedrører dem». Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn. Ventetida for utbedra veg bør vere over på Leiknes. I fylgje med mange foreldre, bed eg Vestland fylkeskommune, som eig vegen, om å rekne dette for å vere ei hastesak. Ingen å miste!

Vh

Ingrid Helene K. Raunehaug, mamma til 5 små mjuke trafikantar